

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat etter soknerådsmøte nr 07/2025

Dato/tid: onsdag 05. november 2025, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Desse møtte: Trygve B Myrliid, Maria E Sørheim, Ingebjørg P Grøtt, Ida Sofie Holmen, Sveinung Toreid og Eli G Torsnes

Frå staben : Arne Opsahl-Engen

Saksliste

40/2025	Godkjenning av saksliste og innkalling- Saklista og innkallinga vart godkjent.
41/2025	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 06/2025 Referatet vart godkjent.
42/2025	Ad søknad til Sparebankstiftinga – avslag frå Sparebanken Soknerådet vart samde om å søkja på nytt neste år. Dei vart også samde om å gjennomføra oppgraderinga av lydanlegget i kyrkja. Soknerådet forskutterar arbeidet og forventar at Fellesrådet vil bidra med midlar. Maria E Sørheim skal ta dette opp på neste møte i Fellesrådet.
43/2025	Dåpssakristiet i kyrkja – oppgradering? Sveinung og Maria har rydda i dåpssakristiet. Rommet treng oppgradeing for å verta eit funksjonelt rom. Pr.no er det mykje som vert lagra i dette rommet. På neste soknerådsmøte i desember skal soknerådet ha ei synfaring på dette rommet og på kapellet som no vert nytta ved dåp og bæreandaktar.

44/2025	Gudstenesteliste, kyrkjevertliste og offerliste for våren 2026 Gudstenestelista for fyrste halvår 2026 vert som planlagt. Kyrkjevertlista for same periode vart sendt ut til medlemmane og varamedlemmane i soknerådet 05.11.2025 . Ved større gudstenester bør det vera to kyrkjevertar eller konfirmantar som hjelper til. Offerlista for våren 2026 skal vera klar til desembermøtet i soknerådet. Ingebjørg skal laga til eit framlegg. Lista over kyrkjeverten sine oppgåver vart revidert på møtet. Trygve skal leggja denne ut på Jondal sokn si heimeside.
45/2025	Orientering frå møte i Fellesrådet i september - møte og synfaring i Jondal Maria E Sørheim orienterte frå møtet til Fellesrådet i september. Møtet vart halde i Jondal. Dei var på synfaring på gravplassen i Herand og ved kyrkja i Jondal. Fellesrådet vart informert av kyrkjeverja om nødvendig vedlike- og utbetningsarbeid som er naudsynt framover. Kyrkjene i kommunen må vera budd på mindre tilskot enn tidlegare frå kommunen. Det er då viktig å prioritera kva arbeid som kan gjennomførast.
46/2025	Internt val i soknerådet Soknerådsleiaren vert vald for eit år. Trygve B Myrliid vart samrøystes attvald som leiar for Jondal sokneråd eit år til
47/2025	Eventuelt Trygve B Myrliid viste til Jondal sokn si heimeside. Han ynskjer ei oppdatering med nokre endringar slik at sida vert meir informativ. Utleige av kyrkja- når det vert arrangert konsertar der dei som held konserten får billettinntektene, bør dei betala leige til kyrkja som dekkjer straumutgiftene. HC-parkering: Soknerådet har fått spørsmål om det kan leggjast til rette for eit par HC-parkeringsplassar ved Jondal kyrkje. Dette må soknerådet arbeida vidare med.

Møtet vart heva kl 19.35

Torsnes 06.11.2025

Eli Galtung Torsnes

Skrivar